



MJØS EIENDOM AS
Hillerenveien 154
5174 MATHOPEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/1669 - 23/21435

Saksbehandlar:
Runar Ludvigsen
runar.ludvigsen@osteroy.kommune.no

Dato:
26.09.2023

Søknad om serveringsløyve for Mjøs Eiendom AS - administrativt vedtak

Administrativt vedtak:

Saknr: 003/23

Vedtak

Mjøs Eiendom AS, org.nr: 916808372, får serveringsløyve for lokalet i Osterøyvegen 2104 1. etg.. Trond Lillejord, f.nr 16.06.1963 vert godkjend som dagleg leiar.

Vedtaket er gjort i medhald av serveringslova §3 og gjeld frå 27.09.2023

Saksutgreiing:

Erlend Mjøs, f.nr 22.05.1992, har den 29.05.2023 søkt om både serverings og skjenkeløyve for «Mjøs Eignedom AS». Administrasjonen har ved ein feil ikkje registrert at det er søkt om begge deler og har difor berre svart ut for det som gjeldt skjenkeløyve. Søknad om skjenkeløyve vert avslått etter handsaming av heradsstyret 20.09.2023. Mjøs Eiendom har no påklaga vedtaket fatta av heradsstyret.

Det er søkt om serveringsløyve for lokalet til Mjøs Eiendom på adressa Osterøyvegen 2104 1. etg.. Løyvehavar er Mjøs Eiendom AS, med org.nr 916808372.

Trond Lillejord vert dagleg leiar for verksemda. Han har bestått etablererprøven i samsvar med serveringslova § 5.

Politiet har ikkje merknader til søknad.

Søkjær er sjølv ansvarleg for at alle formelle krav til verksemda er stetta, herunder godkjenning frå Mattilsynet, krav til internkontroll og branntekniske krav.

Søkjær har mellom anna lagt fram firmaattest frå Brønnøysundregistra, skatteattest og internkontroll rutine.

Kommunen skal gje serveringsløyve når søknad med nødvendig dokumentasjon ligg føre og det ikkje ligg føre andre omsyn som tilseier avslag.

Kommunedirektøren har avgjerdsmynde i saka.

Vurdering

Kommunen skal gje serveringsløyve dersom lovkrava er oppfylte og ein ikkje kjenner til andre forhold som tilseier at løyvet ikkje kan gjevast.

Kommunedirektøren vil difor gi serveringsløyve som omsøkt.

Med helsing

Ingvild Kristi Hjelmtveit
Kommunedirektør

Runar Ludvigsen
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.